

Til kommunane i Region Nordhordland

Knarvik, 30. januar 2017

Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2017
Prioritering av Regionrådet

Me viser til skriv frå Fylkesmannen datert 12.12.2016 om skjønnsmidlar til kommunane for 2017.

Fylkesmannen har sett av 32,4 mill. kr som vil bli nytta til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn) og til generell fordeling gjennom året der t.d. uventa hendingar vil bli teke omsyn til.

Me minner om at Regionråda har ei koordinerande rolle, skal vurdere søknadane og senda skriv til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane. Fylkesmannen vil i hovudsak prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar bl.a. fordi ein ynskjer at prosjektmidlane skal ha større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

Fylkesmannen er ansvarleg for sjølv tildelinga, men vil byggja denne på prioriteringane frå Regionråda, og dei ynskjer at Regionråda skal bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Alle søknadar som gjeld forsøkslova (lov om forsøk i offentlig forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkesmannen vil særleg prioritera desse områda i 2017.

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgs-tenester, jf. Omsorg 2020.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.
3. Interkommunale samarbeidsprosjekt som kan førebu framtidig kommunesamanslåing, t.d. innan tenesteområda plan- og byggesak, helse og barnevern.
4. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusere klimagassutslepp, t.d.:
 - Planlegging av infrastrukturelle skogbrukstiltak mot ras, flaum og storm
 - Tiltak etter vassforskrifta
 - Planlegging av biogassanlegg som del av interkommunal avfallshandtering i samarbeid med landbruket
5. Interkommunalt planarbeid:
 - prosjekt om kommunale planverktøy / GIS
 - oppdrett / akvakultur
 - massedeponi.

Søknadsfristen frå kommunane til fylkesmannen er fredag 10. mars – og same frist gjeld for prioritering frå Regionrådet.

For at Regionråda skal kunne diskutera søknadane må kommunane senda ein kopi av søknaden, eller dersom søknaden ikkje er endeleg ferdig, ein projektskisse av prosjektet til **post@nordhordland.net** innan fredag 24. februar.

Kopi av endeleg søknad, må sendast Nordhordland Utviklingsselskap IKS, post@nordhordland.net innan fredag 10. mars.

For 2017 skal det søkjast på eit eige søknadsskjema som ligg på database.

<https://prosjektsjonn.fylkesmannen.no>

Me viser elles til detaljer i skrivet frå Fylkesmannen. Ta gjerne kontakt med oss dersom de har spørsmål eller gode prosjekt de vil diskutera. Det vil også vera stor fordel om kommunane melder tilbake kva prosjekt som kan vera aktuelt å søkja så tidleg så mogleg.

Kontaktperson er Rune Heradstveit, mobil 907 53 459, eller e-post: rune@nordhordland.net

Med venleg helsing



Rune Heradstveit (sign)

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Skriv frå Fylkesmannen datert 12. desember 2016 «Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt kommunane – 2017